



NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

## Innsending av høringsuttalelse

### Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalelsen

 Ja

### Personopplysninger

Navn

LINDA RABBE HAUGEN

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

 Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

### Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:

202320330

Sakstittel

Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

### Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse Røldal Suldal kraft

- Revisjon av konsesjonsvilkår

- Pumpekraftverk

Eit år som ein av grunneigarane innerst i Valldalen, gnr 20, brn 3

Kvar vinter undrast vi om vi kjem inn for å ha tilsyn til hyttene våre. For å sikre best mulige forhold for dette har vi gjort avtale med ein lokal mann som kan ta seg inn når det er mulig for å skuffe snø og gjere forefallande arbeid vinterstid. Likevel ser vi at tilgangen til Valldalen er begrensa – og vi har kvart år skader på hyttene våre. I fjor knakk taket på vedskjolet, og i år knakk eit nytt tak. For nokre år sidan kollapsa ei av hyttene, og vi vart ei hytte mindre. Vi veit at vi har ansvar for å ha tilsyn til hyttene våre, men med eit stort utrygt kraftmagasin på eine sida, og nasjonalpark på andre sida, så er det ei relativt vanskeleg oppgåve. Kostnadene aukar i tråd med vanskeleg tilsyn.

Vi har ynskt å nytte lokalt næringsliv til ulike handverksoppdrag, men også her ser vi at tilkomsten sparker bein for oss. Vi forstår at ein handverkar ynskjer forutsigbarhet når dei planlegg jobbar vinterstid, det kan ikkje vi gi dei dessverre.

Dersom vi klarer å kome inn, så er vi så heldige at det er lokale folk i Røldal som tek på seg køyreoppdrag. For situasjonen i 1992 då vi gjekk gjennom isen ein vinterdag i februar sit hardt i oss som var med. Heldigvis var vi ganske tett på dammen denne fredagskvelden – og det var muleg å ta seg heim til bilen på ski og få hjelp av røldøler same kvelden. Neste dag var råka 30 meter brei. Dersom ikkje scooteren og bagasjen hadde blitt henta seint denne kvelden, så veit vi alle kva som hadde hendt.

Vinterferien i 1997 skulle eg inn på hyttene med venninner frå Sørlandet. Vi hadde ikkje bil, men tok bussen til Bråstøl og hadde avtalt med ein familievenn at han skulle møte oss og køyre oss inn med scooter. Gjennom natta hadde det vatna på og det var ikkje muleg å tenkje tanken på at vi kunne krysse vatnet. Så vi stod det, med bagasje og mat, bussen gjekk ikkje heimeover den dagen. Vi prøvde å finne overnatting på campingen, men her var fullt. Til slutt ringa vi til familie i Røldal, som opna dørene for 4 fortvila jenter. Altså rnda ein vinyer uten tilkomst.

Når vi er inne på hyttene så kjenner vi uro for returen ut att. For nokre år sidan gjekk eit stort snøras langs vegen då ein av våre skulle ut frå hyttene til dammen. Isen hadde vorte utrygg på få dagar. Raset gjekk rett bak skispora, og bare tilfældigheter gjorde at det gjekk godt. Heldigvis har vi no fått varsling for forholda på isen, og det er ikkje så sjeldan at vi har flytta returen fordi forholda på isen tilseier det. Vatnet er langt når isvatnet i magasinet sprutar over både folk og bagasje, og det frister endå mindre å vasse i issørpe det lange vatnet. Varslingstenesta fungerer nok best for dei som har mobildekning på hyttene. Våre hytter ligg slik til at den eine hytta får inn meldingar, medan den andre har større utfordringar. Det burde mobildekning i heile dalen.

Så kjem våren og vårløysinga. I år vart fyrst vegen opna mot midten av juni. Det syntes vi var rart, då det var særst lite snø i terrenget i påsken. Samtidig så kan vi forstå at Ullensvang kommune ikkje prioriterer denne vegen – dei har nok lita interesse av å sørge for at vi kjem inn til eigedomen. Kraftinntektene kjem jo no I stor grad til andre kommunar.

Vegen er forresten ei eiga historie – den kan nok konkurrere med vegar i Nepal eller liknande. Den heng i fjellsida, og gong på gong køyrer vi innover med hjartet i halsen. Vegskuldrene er lause og rekkverk er det lenge sidan ein har kunne stole på. Ein håper at ein ikkje treff ein utenlandsk bubil som ikkje er vand til å rygge på slike vegar, eller ein lastebil med sauer som skal inn og ut. Den opprinnelige konsesjonen sa at ein skulle ha tilkomst til eigedomane ved hjelp av fast båtrute eller weasel – dette vart endra til ein veg i 1964. For så vidt var dette ei god endring for vår del, men når vi ser vegens standard i dag, så er eg litt i tvil likevel. For eigedomane på austsida er det framleis utilgjengelig. Det same dokumentet seier at vegen skal vere farbar på vinterstid, men eg har til dags dato ikkje høyr om nokon som tør fylgje vegen lengst sør i Valldalen. At konsesjonær ikkje har ansvar for sikker ferdsel synes vi er særst underleg. Driftsansvar for vegen må tilbakeføres til konsesjonær. Vi skulle få besøk av dagleg leiar i Otra Kraft for nokre år sidan. Han snudde for å ikkje ødelegge bilen. Han uttalte så at han ikkje forstod at vegen ikkje hadde vorte utbedre sidan sist han var inne på 80-talet. Otra Kraft har fast dekke på mange av sine vegar, og vegbreidda opplevast som trygg.

Konsesjonen seier at vi skal kunne bruke eigedomane som før neddemming, det er ikke vår oppleving. Ein trygg veg må på plass.

Sommaren i Valldalen er oftast flott – hvis ikkje du ynskjer å fiske. For oftast er vannstanden så låg at vatnet ligg langt frå båthuset. Tek du ut båten og vi ikkje er på hytta på ei veke eller to, så må vi likevel ta båten heilt opp, for

reguleringa er så ustabil at vi ikkje kan la den ligge nede langs stranda. Vi hadde ein glassfiberbåt nokre år, men den gjekk det hol i då slitasjen ved å dra båten opp og ned vart for stor. Den gamle trebåten til bestefar vart også øydelagt av same grunn. Den fekk ikkje ligge så lenge at han kunne trutne med bakgrunn i varierende vannstand. No har vi ein aluminiumsbåt, eit kompromiss for å kunne klare å kome ned til vatnet. Denne er lett og ustabil, men det får vi heller handtere – og ikkje gå ut om det bles for mykje. Dersom du set ut garn, så må du avslutte fisketuren med å rense garna for drivved og kvist som flyt i strandsona. No vel dei fleste av oss å ikkje bruke båten, fordi det er for tungvindt. Ei begrensing av reguleringshøgde og eit godt båttrekk ville løyst nokre av desse utfordringane. I tillegg ville ikkje såra i naturen vore så synlege.

På hausten så må vi stenge hyttene seinast midt i oktober, for kjem det snø, så vert vegen stengt momentant. Då må ein og vere påpasselig med nedbør og vær. Vi har opplevd at vi har vore på hyttene, og når vi skal ut att så har haustregnet grave ut deler av vegen.

Summen av dette – gir oss i beste fall tilgang til hyttene våre frå juni til midten av oktober – gode 5 månader. Det kjennes ganske trist å ha ein eigedom ein ynskjer å forvalte – men ikkje ha tilgong til det store deler av året.

Vi hadde ynskje og planar om å etablere ein større vedproduksjon. Eigedomen vår gror att som resten av Noreg, men realismen i tilkomst, har skrinlagt planane. Vi meiner det skulle vore realistisk å ta ut 75 mål ved årleg for salg. Salgsprisen på austlandet tilseier at dette kunne vore ei næringsinntekt på nærare 500 000,-

Vi har ei hytte som vert leigd ut, no på åremål. Dersom tilkomsten hadde vore tryggare og hytta hadde vore meir tilgjengelig kunne vi hatt ei høgare leigeinntekt på denne. Ein ser også at korttidsutleige også ville kunne gitt større muligheter, men då krevst det også større tilgjengelighet. Estimert aukt årlig leige 100 000 per år.

Tilbake i 2019-2020 inngjekk Hydro ein leieavtale med oss på ein hyd-met stasjon. Denne fekk vi kompensert med 20000,- avtalen er ikkje oppsigeleg frå vår side. Altså har dei kjøpt rett til å hogge, drifte og ha hyd-met stasjonen hos oss til evig tid for «knappar og glansbilde.» Dette viser at maktforholdene mellom david og Goliat er på plass i alle ledd, inkludert på nylege avtaler. Hydro burde vore skvære og gi grunneigarar ein avtale som er balansert. Eg kjenner meg lurt.

Eg har beskriva eit typisk år som grunneigar inne på Valldalen, og eg meiner at alle kjensler og utfordringar viser at vi ikkje kan bruke eigedomen slik ein kunne før neddemminga i 60-åra.

Alle disse aspekt viser at det er naudsynt å løfte konsesjonsvilkåra opp att. Dersom ein i tillegg skal tillate pumpekraftverk, så kan vi gløyme å bruke eigedomen vinterstid grunna store endringer i reguleringshøgde i magasinet.

Vi vil ha ei endring på

- Trygg tilkomst vinterstid
- Muleg å drifte eigedomen gjennom trygg tilkomst heile året.
- Mulig å fiske på sommaren uten å måtte dra båt opp og ned kvar dag
- Regulerte nivå på HRV og LRV i ulike sesonger som gjer det muleg å bruke vatnet trygt. Relativt fullt

reguleringsmagasin på sommaren.

- Trygg veg inn på sommaren
- Erstatninger som står i stil med det vi har mista
- Oppsigelse av alle inngåtte avtaler med grunneigarar. Nye avtaler må teknast. Desse må vere balanserte mellom partane.
- Driftsansvar på vegen må overføres tilbake til hydro / lyse. No konkurrerer denne vegen med sjukeheimsplassar og blyanter i skulen.
- Parkeringsplassar heime ved bråstøl / dammen vinterstid. No vert vi jaga vekk av hytteeigarane nedenfor dammen.
- Vegen må vere opna seinast til pinse kvart år.
- Ved revisjoner må det vere tilkomst inn til valldalen. I 2025 er det varsla at ein skal kunne passere 1 gong per døgn.
- Mobildekning i heile dalen.

Alle desse punkta viser at konsesjonen som no er forlenga til evig tid ikkje er balansert for oss grunneigarar. Det bør vere grenser for kor mykje ein skal tåle.

Linda Rabbe Haugen, gnr 20, brn 3

Mandal 29. august 2024

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant inforamsjon

Vedlegg bilder